

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.10.2016**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

Fylkesutvalet sluttar seg til utvalet sine tilrådingar med dei presiseringane som er haldne fram i svarbrevet med slik merknad:

I Hordaland har vi gode erfaringar med trekantsamarbeidet mellom NAV Intro, vidaregåande opplæring og flyktningetenesta. Samarbeidet har gitt konstruktiv karriererettleiing for flyktningar og innvandrarakar, samt gode kvalifiseringstiltak slik som førebuande helsefagarbeidar for minoritetsspråklege, barnehageteneste og sveisekurs. Denne modellen for samarbeid bør det leggjast til rette for og vidareutviklast.